



Ny kommune i indre Sunnfjord

Prosjektgruppa

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:

Øystein Høyvik
Tlf. 57612650

Vår referanse:

16/3693-83-ØH-
FE - 002

Dato:

06.04.2017

Ny kommune i indre Sunnfjord, referat frå møte i prosjektgruppa 31.03.17

Tidspunkt : Fredag 31.03.17 kl 09.00 – 12.00

Stad : Førde rådhus, møterom Anga

Til stades:

Atle Fasteland, Ole John Østenstad, Ellen Jensen, Elin Enebakk, Stian Jakobsen og Øystein Høyvik

Ikkje til stades:

Trond Ueland, Marit Solheim, Torill Anita Segtnan og Øyvind Bang-Olsen

Utsendt dagsorden

1. Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte i prosjektgruppa 10.03.17
2. Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte i prosjektgruppa 17.03.17
3. Gjennomgang av referat frå møte i styringsgruppa 20.03.17
4. Ev. spørsmål knytt til felles saksutgreiingar i høve oppretting av fellesnemnd og namn på ny kommune
5. Tilbakemelding frå seminar 3 i regi av KS, KMD og hovudsamanslutningane v/ Øystein Høyvik
6. Tilbakemelding frå møte i administrativt prosessnettverk 30.03.17 v/ Atle Fasteland
7. Førde møte med HTV og HVO 05.04.17 v/ Øystein Høyvik
8. Arkiv v/ arkivansvarlege samt fylkesarkivet
 - a. Informasjon om «kartleggingsapp»
 - b. Når avslutte/begynner nye arkiv (heilelektronisk) – sett i høve til 01.01.20
 - c. Kva arkiv er det aktuelt å digitalisere?
 - d. Eigedoms-, personal-, pasient-, klient- og brukararkiv bør truleg overførast til ny kommune – korleis gjer vi det med bakgrunn i at det bryt med god arkivskikk
 - e. Arkiv og sakshandsaming for Fellesnemnda – eigen arkivskapar – korleis løyser vi det?
 - f. Kva kan Fylkesarkivet bidra med av arbeidsressursar?
 - g. Andre spørsmål
9. Oppfølging av møte 17.03.17 mellom prosjektgruppa og kommunal-, sektor- og personalsjefar
 - a. Kva ynskjer vi melde tilbake i høve utført arbeid?
 - b. Kva skal vi utfordre dei vidare på?
 - c. Kor styrande skal vi vere fram til sommaren?
10. Prosjektorganisering – oppsummering etter møte med kommunalsjefar v/ Øystein Høyvik
11. Prosjektplan – idédugnad v/ Øystein Høyvik
12. Korleis organisere økonomi og revisjon i perioden 01.07.17 – 31.12.19 v/ Ole John Østenstad
13. Infrastrukturmidlar mv v/ Ole John Østenstad
14. Møteplan
 - a. Innhald i neste prosjektgruppemøte 21.04.17
 - b. Innhald i neste møte i styringsgruppa 21.04.17
15. Eventuelt

Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte i prosjektgruppa 10.03.17

- Godkjent med merknad om at kommunane Gaular, Naustdal og Jølster ynskjer kople seg på «språkprosjektet» som Førde startar opp

Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte i prosjektgruppa 17.03.17

- Godkjent

Gjennomgang av referat frå møte i styringsgruppa 20.03.17

- Gått gjennom

Ev. spørsmål knytt til felles saksutgreingar i høve oppretting av fellesnemnd og namn på ny kommune

- Ingen spørsmål utover at det vart mint om at følgjande forhold må vere avklart dersom ein ikkje skal gjennomføre felles kommunestyremøte før kongeleg resolusjon:
 - Namn på ny kommune
 - Tal medlemmar i nytt kommunestyre
 - Samansetting og funksjonar til fellesnemnda
 - Revisor for fellesnemnda
 - Oppretting av eventuelle andre fellesorgan (pratsamansett utval og arbeidsutval)

Tilbakemelding frå seminar 3 i regi av KS, KMD og hovudsamanslutningane

- Øystein Høyvik orienterte kort frå seminaret 21.03.17 kor Gro Bjørvik, Mathias Råheim, Bjørnar Kalsen og prosjektleiar deltok

Tilbakemelding frå møte i administrativt prosessnettverk 30.03.17

- Øystein Høyvik orienterte kort frå samlinga 30.03.17 kor Atle Fasteland og prosjektleiar deltok

Førebu møte med HTV og HVO 05.04.17 v/ Øystein Høyvik

- Dagsorden vart gjennomgått

Arkiv

- Prosjektleiar saman med arkivansvarlege i kommunane, fylkesarkivet og Ellen Jensen utarbeidar forslag til prosjektdirektiv – og som skal godkjennast av prosjektgruppa

Oppfølging av møte 17.03.17 mellom prosjektgruppa og kommunal-, sektor- og personalsjefar

- Prosjektgruppa gjekk gjennom alle tilbakemeldingane – prosjektleiar melder tilbake til gruppene
- I dei vidare nettverksmøta skal rådmenne delta (vere orientert) slik:
 - Helse/omsorg: Øyvind Bang-Olsen
 - Oppvekst: Atle Fasteland
 - Teknisk: Ole John Østenstad
 - Kultur: Blir vurdert seinare
 - Arkiv: Ellen Jensen
 - IKT: Ikkje behov sidan assisterande rådmanne Lise Mari Haugen deltek
 - Personal: Ikkje behov

Prosjektorganisering – oppsummering etter møte med kommunalsjefar

- Tilbakemelding frå kommunalsjefar er i tråd med kva som tidlegare har blitt drøfta i styrings- og prosjektgruppa

Prosjektplan – idédugnad

- Idédugnad gjennomført
- Prosjektleiari utarbeider oppdatert prosjektplan som blir drøfta først med prosjektgruppa i møte 21.04.17 og 05.05.17, og så med styringsgruppa i møte 05.05.17
- Ein tek sikte på å ha klart endeleg utkast til prosjektplan før 01.07.17

Korleis organisere økonomi og revisjon i perioden 01.07.17 – 31.12.19

- Utsett til neste møte

Infrastrukturmidlar mv

- Utsett til neste møte

Møteplan

- Prosjektleiari avklarar med Olve Grolte behovet for å flytte møte i styringsgruppa 21.04.17 (er bestemt flytta til 05.05.17)

Eventuelt

- Ev. felles kommunestyremøte etter at Stortinget har gjort vedtak
 - Prosjektleiari tek kontakt med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og gjer avtale om tidspunkt for ev. felles kommunestyremøte (21.06.17 er avtalt)

Med helsing

Øystein Høyvik
leiar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og
Fjordane v/ Træen
SEKOM v/ Arnar Helgheim
Styringsgruppa